



Sjeldan gjest som kom til Uskedalen i går: Ein svensk siglar! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Sommarsesongen går mot slutten og det gjer også spørjeundersøkinga om korleis båt- og feriegjestene har likt seg og funne seg til rette i Uskedalen denne sesongen.**

**Spørjearka ligg framleis ute på fleire stadar og Uskedalen Utvikling ynskjer at flest mogeleg av dei skal fyllast ut og leverast eller sendast inn..**

Dei som svarar med namn er med i trekkinga av eit gavekort på SPAR til ein verdi av 500 kroner.

Undersøkinga ynskjer mellom anna svar på kvifor vedkomande valde Uskedalen som feriemål, kor lang ferie ho eller han har hatt her og kor dei kjem frå.

Andre spørsmål er kva ferie- og boform som er nytta, korleis servicen har vore og om informasjonen om Uskedalen har vore tilfredsstillande.

- Kva er ditt generelle inntrykk av toaletta, det sanitære og renovasjon, blir det også spurt om.

Spørjeskjemaet sluttar med dette spørsmålet:- Kva ynskjer du annleis, meir av, forbetringar?